

Smittevernreglar for alle som brukar Bul- og Mållagssalen.

Informere om hygienereglane. Vask hender og hald 1 meter avstand. Er du sjuk, så skal du vera heime.

- **Når du går inn hovudinngangen, så spriter du hendene straks du er innanfor døra. Då vil me stoppe vidare smitte inn i lokalet.**

Unngå spritsøl på golvet da det kan bli stygge flekkar.

- **Unngå å ta på for mykje rundt deg.**
- **Vask hendene godt før du et.**

Arrangør/ komiteansvarleg og kjøkkenteneste:

Dei arrangør- og komiteansvarlege har ansvar for å vaske bordene, armlene på stolane og dørhandtak før dei tar i bruk lokalet. Dette for å vere sikker på at lokalet er greitt når dei tar det i bruk. Det er mange brukarar og me kan ikkje vite kva som skjer og korleis bruken er heile tida. Borda skal vaskast også etter bruk. Vanlege reingjeringsmiddel er ok.

Dei som skal lage mat og vera på kjøkkenet må vaske hendene nøye. Husk mellom fingrane, ved tommelen, handleddene og oppå handryggen. Ta av ringar. Bruk 30 sekunder på vasken. Vask over benkene før du lager mat der.

Tenk gjennom korleis serveringa skal vera. Kanskje bør nokon skjenke kaffi og porsjonere ut maten så ikkje alle må ta på kanner osv. Dei som har ansvar her må passe nøye på handhygienen.

- **Alle må sjølv ta ansvar for smittevern.**

Lukke til med jobben!